



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
65/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.08.2019
59/2019	Kommunestyret	PS	23.09.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-X53, HistSak-10/1366	14/187

VARSEL FRÅ NVE OM PLANLEGGING AV SIKRINGSTILTAK I KUPEBEKKEN PÅ DALE, MED ØKONOMISKE OG JURIDISKE KONSEKVENSAER FOR KOMMUNEN

Vedlegg:

Kupebekken i Dale - Varsel om planlegging av sikringstiltak og kort informasjon om økonomiske/ juridiske konsekvensar for kommunen - Vaksdal kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering som grunnlag for komande sakshandsaming og politisk vedtak.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 65/2019

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Saka vert tatt til orientering som grunnlag for komande sakshandsaming og politisk vedtak.

Kommunestyret - Sak 59/2019

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Saka vert tatt til orientering som grunnlag for komande sakshandsaming og politisk vedtak.

Saksopplysningar:

Kupebekken på Dale i Vaksdal kommune er utsett for sørpeskred vinterstid, med fare for skade bustadhus i nedslagsfeltet.

Vaksdal kommune har hatt kontakt med NVE om prioritering og planlegging av sikringstiltak i Kupebekken.

I brev av 21.06.19 varsla NVE om at plan for sikringstiltak vil bli oversendt Vaksdal kommune i august 2019. Tiltaket er planlagt som eit «ordinært tiltak». Planen skal danne grunnlag for gjennomføring av tiltaket, og det er venta oppstart i løpet inneverande år.

NVE skriv i brevet at kommunen må garantere for ein distriktsdel som svarer til 20 % av kostnadane med tiltaket. Garantien må liggje føre før anleggsstart, i form av kommunalt vedtak.

NVE informerer om at førebels kostnadsoverslag er på om lag 2,5 millionar kroner, eks. mva, som gjev kring kr. 500 000,- i distriktsdel.

Brevet seier vidare at kommunen må syte for grunneigaravtalar på dei eigedomane som anlegget vil liggje på, og avklare område for eventuell deponering av massar. Kommunen vert oppmoda om å starte med dette arbeidet straks.

Administrasjonen vil følgje opp oppmodingane frå NVE, både når det gjeld saksframlegg til lokal finansiering, avtale med aktuelle grunneigarar og deponiområde for mogelege overskotsmassar.

Framlegg til lokal finansiering vert lagt fram til politisk handsaming når endeleg prosjektplan, inkludert tiltakskostnadar, ligg føre frå NVE.